



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Utdanningsavdelinga

Vår ref.: 2003/15229
Arkivnr.: 321

Dykkar ref:
Vår dato : 20.01.2004

Utsira kommune

5547 UTSIRA

Tilbakemelding etter besøk i Utsira kommune, 23.09.2003

Fylkesmannen i Rogaland, Utdanningsavdelinga, var på kontakt- og tilsynsbesøk i Utsira kommune 23.09.2003. Skolevurdering og kvalitetsutvikling var hovedtema for besøket. Temaet blei klargjort gjennom samtalar/intervju med representantar frå leiinga i kommunen, samt skoleleiarar og representantar for lærarar, foreldre og elevar frå Utsira skole.

I tillegg orienterte kommunen om andre aktuelle initiativ og saker innanfor skolen si verksemnd.

Følgjande personar deltok ved kontakt- og tilsynsbesøket:

Frå Utsira kommune:

*Robin Kirkhus, rådmann/oppvekstsjef
Lodvar Mathiassen, leiar av Dagleglivsutvalet
Jarle Nilsen, rektor
Kari Skåren, lærar
Ingvild B. Nilsen, lærar
Gunn Hilde Haugland, foreldrerepresentant
Tove Eriksen Grimsby, foreldrerepresentant
Katrine Kloving, elevrepresentant
Ole Jørgen Sandmo, elevrepresentant*

Frå Fylkesmannen i Rogaland, Utdanningsavdelinga:

*Audun Gjerde, rådgjevar
Svein Helgesen, utdanningsdirektør*

Del 1: Intervju/samtalar med fokus på lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling

Første del av kommunebesøket var sett av til strukturerte samtalar/intervju med følgjande informantar frå Utsira skole:

- rektor
- 2 lærarar
- 2 foreldrerepresentantar
- 2 elevrepresentantar

Samtalane tok utgangspunkt i eit sett av spørsmål som vert nytta ved kontakt- og tilsynsbesøk i alle kommunar. Fleirtalet av spørsmåla er felles for alle informantgruppene. Samtalane var organisert gruppevis. Hovudtema var kommunen/skolen sitt arbeid med lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling, med basis i Forskrift til Opplæringslova, §2-1:

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fm-ro.stat.no	Langflåtvn. 29	51568700
Postboks 59 4001 Stavanger	Lagårdsv. 78 Stavanger	Telefaks: 51568811	Heimeside: www.fylkesmannen.no/rogaland	Postboks 210 Sentrum 4001 Stavanger	Telefaks: 51568941

” Skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for fag.

Kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.”

Følgjande stikkordsmessige oppsummering frå samtalane gir uttrykk for hovudinntrykk av arbeidet med skolevurdering og kvalitetsutvikling i grunnskolen i Utsira:

- Det ligg ikkje føre skriftleggjorde rutinar for skolevurdering. Rektor har iverksett arbeid med handbok som skal samle alle rutinar for internt vurderings- og utviklingsarbeid.
- Det har til nå vore lite systematikk i det interne vurderingsarbeidet i skolen (t.d. årsplan, årsmelding, brukarundersøkingar) .
- Positive erfaringar frå nettverkssamarbeid i Nord2-kommunane, særleg med andre små kommunar som Kvitsøy og Bokn.
- Personalet har ønskje om meir kontakt mellom skolen og rådmann/oppvekstsjef, og om at dei saman skal utarbeide ein pedagogisk plattform for Utsira-skolen.
- Erfaringar frå forsøk med fleksitid og friare organiseringsformer på ungdomsseget aktualiserte behov for fast styring, m.a. for å førebyggje disciplinvanskjar.
- Arbeid med reell foreldre- og elevmedverknad synest å vere noko tilfeldig og usystematisk. Blir mykje opp til den enkelte læraren.
- Foreldra opplever skolen som open og imøtekommende. Samarbeidet synest rimeleg godt, informasjon hovudsakleg gjennom foreldresamtalar og informasjonsskriv til heimane.

Del 2: Aktuelle saker/tiltak i grunnskolen i Utsira – orientering og drøfting

Andre del av kommunebesøket var sett av til informasjon/drøfting av aktuelle tema som kommunen hadde uttrykt ønske om å setje på dagsorden.

a. Administrasjon og leiing

Rådmannen har funksjon som oppvekstsjef i kommunen, med avsett 30% stilling. Kommunen opplever at det er vanskeleg å følgje opp alt som kjem av nye sentrale signal og føringer på skoleområdet. God kontakt med fylkesmannen si utdanningsavdeling og støtte og rettleiing derifrå blir understreka som viktig. Kommunen har ei utfordring i å sikre kontinuiteten av skoleleiinga. Rektor har ansvar for den pedagogiske og administrative leiinga av skolen. Noverande rektor manglar den formelle pedagogiske kompetansen

b. Skolen i lokalsamfunnet

Skolen er ein krumtapp i oppvekstmiljøet i ein liten kommune som Utsira. Politikarane er opptekne av å satse på skolen. Det er nå m.a. sett av midlar til utgreiing av planar for nytt skolebygg/utbygging av skolen i kommunen. Ein viser elles til positive resultat frå tiltak for kompetanseoppbygging blant kvinner.

c. Disiplin/mobbing

Disiplinspørsmål er sett meir i fokus, særleg etter negative erfaringar frå forsøksperioden med meir frie arbeidsformer. Ein har m.a. tatt tak i negativ språkbruk. Kommunen deltar i Olweus-programmet mot mobbing og vil satse på dette over ein toårsperiode.

d. Fråverskontrakt skole-heim

Skolen har erfart at nokre foreldre ønskjer å ta elevar ut av undervisninga utover den tida regelverket gir heimel for. For å setje fokus på foreldra sitt ansvar i slike samanhengar blir det arbeidd med eit utkast til formell fråverskontrakt. Utkastet vil bli lagt fram for FAU før vidare behandling.

e. Fadderordning

Ein har gjort svært gode erfaringar med bruk av fadderordning, der eldre elevar får eit spesielt fadderansvar for dei yngste elevane.

f. Basisfag (lesing, skriving og rekning)

Skolen satsar mykje på lesestimulering og lesedugleik. Samarbeid skole-bibliotek har høg prioritet. Innanfor matematikkfaget står bruken av kalkulator sentralt.

Oppsummering/vurdering

Følgjande oppsummering/vurdering frå utdanningsdirektøren byggjer i hovudsak på inntrykka frå samtalar og informasjon under kontakt- og tilsynsbesøket, samt frå gjennomgang av skriftleg materiale innsendt frå kommunen i førekant av besøket.

Utdanningsdirektøren sitt hovudinntrykk er at det skjer mykje positivt i skolen på Utsira.

Ein har arbeidd med ulike forsøksprosjekt og har gjort sine erfaringar. Mellom anna tar skolen no fatt på arbeidet med å betre disiplin og språkbruk hos elevane samstundes som ein tar del i Olweus-programmet. Foreldra er nøgde med skolen og står fram som positive medspelarar. Vi opplever det også positivt at lærarane ønskjer meir fokus på pedagogiske debattar i skolen – mellom anna om skolen sin pedagogiske plattform. Det er vårt syn at dette kan kombinerast med nyttilsett rektor sitt ønske om å ta fatt på arbeidet med å betre disiplin og språkbruk hos elevane og med rådmannen sine tankar om å formulere "Kommunen sine forventningar til skolen".

Skolen i Utsira manglar skriftleggjorte rutinar på ein del område. Kommunen treng m. a. betre struktur og meir systematikk i arbeidet med årsplanar, årsmeldingar m.v. Arbeidet med ei eiga "Handbok" for skolen vil kunne vere eit godt bidrag i så måte. Det er vårt inntrykk at det er vilje til stades i alle ledd til å utvikle Utsira-skolen vidare, og at leiinga har interessante tankar om korleis dette kan gjerast. Det ligg ei utfordring for kommunen i å sikre kontinuitet i leiinga og legge til rette for at krava til skoleleiing i § 9-1 i Opplæringslova blir oppfylte.

Det er vidare all grunn til å tru at vedtaket om å setje av midlar til utredning av ny skole, eventuelt utbygging av skolen på Utsira vil vere med på å gi skoleutviklinga ein "ny giv".

Vi vil også oppmøde skolen på Utsira til å halde god kontakt med skolar i andre kommunar, til dømes andre små øy-kommunar som Kvitsøy og Bokn

Utdanningsdirektøren vil avslutningsvis takke Utsira kommune for eit hyggeleg og godt tilrettelagt besøk, god informasjon og konstruktiv dialog.

Med helsing

Svein Helgesen
Utdanningsdirektør

Audun Gjerde
rådgjevar